



ALVER

K O M M U N E

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innsendt	15.09.2022 22:48:01
ReferanselD	ALV0039-1045223
Innsendar	
Innspel til <input type="checkbox"/> planprogrammet <input checked="" type="checkbox"/> arealdel	
Innspel på vegne av <input checked="" type="checkbox"/> Privat person <input type="checkbox"/> Verksemd	
Privat person	
Namn Bjørn Gripsgård Knudsen	
Adresse Myrtveitvegen 39	
Postnr/sted 5919 FREKHAUG	
Mobil 97549693	
Epostadresse myrtveit@hotmail.com	

Arealdelen

Generelle innspel til arealdelen

Generelle innspel

Eigedomsopplysningar (viss aktuelt)

Gards- og bruksnummer

332/1&4

Ønskja framtidig tiltak/arealføremål

Skildring

Myrtveit Gard er eit gardsbruk med kjøt og livdyrproduksjon av sau og storfe. Gardsbruket disponerer g.nr. 32 br.nr 1 og 4 som tel om lag 400 dekar.

Myrtveit Gard har mål om å tilføre ny verksemd på garden som også gjer det mogeleg å fortsette med tradisjonell gardsdrift. Fylgjande tiltak er planlagt som aktuelle:

1.

Grøn omsorg: Gardseigar har helse og sosialfagleg utdanning og har lang røynsle med arbeid retta mot personar med funksjonsnedsettingar. Aktivitetane i tilbodet byggjer på gardens og bondens

ressursar. Tilbodet er tilrettelagt ulike målgrupper/enkeltpersonar. Dette kan vere eit utdanningstilbod knytt til skulen eller aktivitets- og arbeidstreningstilbod gjennom helse- og omsorgstenester. Gardsmiljøet opnar for mange muligheiter ved utforming og tilrettelegging av det enkelte tilbod:

stell av dyr og planter
drift av skogen
pleie av kulturlandskapet
vedlikehald av maskiner og bygningsmasse
Matproduksjon/foredling
Husflid

Tilboda kan være enkeltstående besøk eller dagtilbod som går gjennom heile året, eller avlastnings-, helge- og ferietilbod der det lagt opp til overnatting på garden.

2.

Helsefremjande aktivitet: Gardseigar har utdanningskompetanse innan trenings, kosthald og livstilsretteiing. I dette tiltaket er det planlagt å nytte gardens naturressursar spesielt knytt til utmark. Dette området er svært godt eigna til å gje kroppen naturlege fysiske utfordringar, gode naturopplevingar og mestringskjensle. Det er planlagt naturløyper tilpassa ulike mestringsnivå og eit enkelt husly. Tiltaket vil tilpassast slik at inngrepa ikkje vil gje negative innverknader i natur og kulturlandskapet.

Myrtveit Gard ber om at kommuneplanen tek omsyn til at eigedomen kan nyttast til næring og landbruk slik tiltaka over beskriv.

Anne Lise Markhus Knudsen
Bjørn Gripsgård Knudsen

Myrtveit 13.09.2022

Eventuelle vedlegg

Vedlegg

Områdekart til innspel aralplan.jpg